

# Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH

---

Prosjektplan  
Digitalisering


---

## Innhald

|  |   |
|--|---|
| 1. Bakgrunn .....  | 3                                       |
| 2. Organisering av prosjektet .....  | 4                                       |
| 3. Overordna mandat og målsettingar .....  | 4                                       |
| 3.1 Avgrensning av prosjektet / tolking av mandatet/grenseflater mot dei andre prosjekta ..... | 5                                       |
| 4.0 Prosjektgjennomføring .....  | 5                                       |
| 4.1 Overordna framdriftsplan .....   | <b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b> |
| 4.2 Møteplan for prosjektgruppa .....  | 6                                       |
| 5.0 Budsjettt .....  | 7                                       |
| 6.0 Risikovurdering .....  | <b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b> |

# 1. Bakgrunn

Som ledd i etableringa av Høgskulen på Vestlandet har interimstyret vedtatt organiseringa av fusjonen gjennom *Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH: Programorganisering, prosjekt og mandat*. Prosjekt Digitalisering er eit av seks hovudprosjekt i fusjonsprogrammet:



Bakgrunnen for oppretting av eit eige digitaliseringsprosjekt finn vi i fusjonsavtalen. <sup>1</sup>Der står følgjande: «Høgskulen på Vestlandet si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten. Satsinga skal sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling og utvikle framtidsretta utdannings-, arbeids- og læringsfellesskap. Høgskulen på Vestlandet skal imøtekome og vere tett på trendane, behova og dei nye teknologiane ein ser innanfor høgare utdanning».

<sup>1</sup> <http://fusjonsinfo.no/wp-content/uploads/2015/12/fusjonsavtale-endeleg.pdf>

## 2. Organisering av prosjektet

Prosjektgruppa er utgjort av:

|                        |                       |          |
|------------------------|-----------------------|----------|
| Monica Wammen Nortvedt | Prosjektleder         | HiB      |
| Sigurd Kirkebø         | Ekstern prosjektleder | Deloitte |
| Tarjei Heggernes       |                       | HiB      |
| Morten Fahlvik         |                       | HiB      |
| Dagrun Kyrkjebø        |                       | HiSF     |
| Grete Netteland        |                       | HiSF     |
| Aslaug Grov Almås      |                       | HSH      |
| Einar Kolstad          |                       | HSH      |
| David Parmentier       |                       | HiSF     |
| Henriette Michalsen    | Studentrepresentant   | HSH      |
| Øyvind Hatland         | Studentrepresentant   | HiB      |
| Marie Von Hirsch       | Studentrepresentant   | HiSF     |

Prosjektstøtte frå programsekretariatet:

|                         |                         |     |
|-------------------------|-------------------------|-----|
| Solveig Råheim Grønsdal | Hovudkontakt /Rådgjevar | HSH |
|-------------------------|-------------------------|-----|

## 3. Overordna mandat og målsettingar

Dette mandatet gjeld for eit forprosjekt som skal bidra at interimsstyret skal kunne foreta strategiske vegval når det gjeld digitale satsingar. Prosjektet vil få eit nytt mandat for det vidare arbeidet med digitalisering på bakgrunn av forprosjektet sine leveransar. Forprosjektet skal levere eit samla grunnlag for etablering av hovudprosjekt «Digital høgskule på Vestlandet» til interimsstyret for den nye høgskulen. Dette forprosjektet skal danne grunnlag for prioritering av ulike delprosjekt organisert som eit hovudprosjekt. Prosjektet skal sjå på løysingar både for den faglege og den administrative verksemda.

### Hovudleveranse

Rapport til interimsstyret som grunnlag for prioritering av strategiske satsingar på digitalisering i den nye høgskulen. Prosjektet vil få eit nytt mandat for det vidare arbeidet med digitalisering på bakgrunn av leveransane i forprosjektet.

### Delleveranser

1. Kartlegging av erfaringane i HiSF, HSH og HiB knytt til digital samhandling, digitale administrative verktøy, digitalt støtta undervisning og forskning med og om digitale verktøy og prosessar.
2. Kartlegging av eksisterande infrastruktur og verktøy/programvare (i samarbeid med Sikker Drift) knytt til digital samhandling, digitale administrative verktøy, digitalt støtta undervisning og forskning med og om digitale verktøy og prosessar.
3. Internasjonal og nasjonal kunnskapsstatus knytt til digital samhandling, digitalisering av administrative arbeidsprosessar, digitalt støtta undervisning og forskning med og om digitale verktøy og prosessar – kva veit vi, kva bør vi vite, kva kan vi forvente framover?

4. Identifisering av utviklingsbehov på kort, mellomlang og lang sikt (når det gjeld rom/utstyr, prosedyremessig/fagleg/kompetansemessig, organisasjon og kultur) for Høgskulen på Vestlandet.
5. Organisasjonsmessige og økonomiske implikasjoner av planen.
6. Følgjeforskning i utvikling og implementering av «Digital høgskule på Vestlandet» som virkemiddel i visjonsrealiseringa og som grunnlag for prosess for etablering av forskingsmiljø knytt til fleksibel læring

### 3.1 Avgrensning av prosjektet

Prosjektgruppa deler arbeidet i prosjektet langs to aksar slik en har gjort i Forslag til IKT-strategi for utdanning levert til Kunnskapsdepartementet 1.07.2016<sup>2</sup>, nemleg 1) grunnleggande digitalisering av verksemda og 2) bruk og utvikling av digitale verktøy i nye læringsprosessar. Når det gjeld del ein - grunnleggande digitalisering av verksemda - er grenseflatene mot sikker drift, administrative tenester og administrativ og fagleg organisering store og viktige å avklare. Digitaliseringsprosjektet er på dette tidpunktet eit forprosjekt og vi ser dermed for oss at den viktigaste grenseflata å ha kontroll på vert gjort gjeldande i 2017 mellom hovudprosjektet i digitalisering og administrative tenester. Då vil digitaliseringsprosjektet og kunne forhalde seg til arbeidet som er gjort med å lage strukturen for HVL i både prosjekt 1 (fagleg plattform, profil og strategi) og prosjekt 2 (fagleg og administrativ organisering og leiing).

Når det gjeld del to av arbeidet i forprosjektet – bruk og utvikling av digitale verktøy i nye læringsprosessar - er biletet noko annleis i forhold til avgrensingar mot dei andre prosjekta. Sjølv om mange av grenseflatene er dei same, er innhaldet her på eit organisatorisk, strukturelt og fageleg nivå meir enn på det praktiske og konkrete.


---

<sup>2</sup> <https://www.uninett.no/forslag-til-ikt-strategi-utdanning-levert-til-kd>

## 4.0 Prosjektgjennomføring

### 4.1 Framdriftsplan

Arbeidet i prosjektet går gjennom tre fasar; kartlegging og innhenting av informasjon (delleveranse 1,2 og 3), rapportskriving (delleveranse 4,5 og 6), og høyring/ferdigstilling før hovudleveransen vert handsama av interimstyret 22.12.2016. Framdriftsplan og milepælar er vist i figuren under.



## 4.2 Møteplan for prosjektgruppa

Oppstartsmøte 02.09.2016

13.09 Kl. 11.00-13.00 Skype

23.09 Kl. 11.30-13.30 Skype

06.10 Kl. 11.00-13.00 Skype

12.10 Kl. 09.00-16.00 Bergen

20.10 Kl. 08.30-10.30 Skype

03.11 Kl. 08.30-10.30 Skype

22.11 Kl. 12.00-15:00 Skype/Bergen

## 5.0 Budsjett

Kostnadene knytt til prosjektet er knytt til reiser i samband med fysiske møter i gruppa. Det er lagt opp til 1-2 fysiske møter i Bergen med 8 av deltakarane som tilreisande. Behov for fleire møter i heile eller deler av prosjektgruppa kan oppstå. Det er ikkje laga felles budsjettrammer for fusjonsprogrammet difor vert budsjettet eit overslag. Vi reknar med at 30 000 vil kunne dekke reisekostnadene skissert over.